I oppgåva vil eg nytta uttrykket Stor-Bergen både fyrr og etter 1972. Med Stor-Bergen meiner eg det som vart Bergen-kommune etter 1972. Når eg berre skriv Bergen terikjer eg nesten alltid på det som til kvar tid vert kalla Bergen kommune. Bydelane Fana, Laksevåg, Åsane og Arna var eigne kommunar fyrr 1972, men etter 1972 hev me fenge eit meir omfattande syn på Bergen. Omlandskommunane hev vorte ein del av Bergen. Difor kann ein kjenne tilknytingi til Bergen fyrr 1972. Elles vil eg umtala Åsane, Arna, Laksevåg og Fana som umeignskommunane eller omlandskommunane.

#### BERGEN OG STOR-BERGEN 1945-1970

I perioden millom 1900-1946 spreidde folketalsvoksteren innanfor Stor-Bergen seg jamt millom det upphavlege Bergen og kommunane umkring byen. Folketalet i Bergen vaks med 33.500 innbyggjarar, medan folketalet i kommunane Fana, Laksevåg, Åsøy og Åsane gjekk fram med 28.000 innbyggjarar, <sup>1</sup>. I etterkrigstidi skulde det verta onnorleis. I 1945 var Bergen prega av bustadnaud. Bustadnaudi førde til at 2700 sokjarar fekk ein sjølvstendig eller millombils bustad, <sup>2</sup>. Grønlie <sup>3</sup> syner ein taluppsett yver folketalsvoksteren i umeignskommunane millom 1946 og 1970. Det er serleg tri kommunar som veks mykje. Det er Fana, Laksevåg og Åsane. Millom

1946 og 1970 gjekk folketalet i Fana opp med umlag 24 000 innbyggjarar. Laksevåg auka i same perioden folketalet sitt med umlag 11.500 og Åsane auka med umlag 12 000 innbyggjarar. I denne perioden frå 1945 til 1970 var folketalet i det upphavlege Bergen-sentrum i ein vekk nedgang. Bergen fekk vida ut grensene i 1955, men ikkje ein gong innlemmingi av Fyllingsdalen kunde yta vederlag for den sterke busetnadssamlingi i umeignskommunane. Me ser også at umlandskommunane aukar folketalet, medan Bergen kommune ikkje hev noko folketalsvokster å bry seg med. Det ser ut til at bustadnaudi som prega Bergen like etter krigen løyste seg ved at folk flytta ut av Bergen-sentrum.

På same tid som busetnaden vaks i grannekommunane, betra samferdsla mellom Bergen og umlandet seg mykje. Innfartsårene til Sentrum vart utvikla gjennom bruer og tunnelar. Puddefjordsbrui, Løvstakkstunnelen og Eidsvågstunnelen er gode døme på gjeremål innan vegferdsla i umrådet kring Bergen. Umag på midten av 1960-talet byrja dei gamle båtane til umråde i Nordhordland å verta avløyste av ferjedrift. Dei gamle båtane som frakta folk sjøvegen vart lite tilløkande for dei som skaffa seg privatbil, og det vart kortare reisetid med buss for dei som ikkje hadde eigen bil. Ei av dei største nyvinningane i samferdsla etter 1945 var truleg massebilismen. I 1959 hadde Bergen 60 bilar per tusen innbyggjarar. I 1969 var dette talet nærmast triplaa til 175. 1. bilar per tusen innbyggjarar<sup>5</sup>. Grønlie<sup>6</sup> peikar på at fyrr og like etter 1945 låg arbeidstadene tett upptil bustadene til arbeidstakarane. Han viser sameleis til at 60 prosent av arbeidstakarane hadde 20 minuttar gangtid eller mindre til arbeidet. I 1960-åri reiste kvar innbyggjar i Bergensregionen jamt over 5,1 kilometer når han skulle til arbeid.

I 1945 var det varerasjonering og handelen i Bergen hadde ingen merkande auke fyrr ut på 1950-talet. På 1960-talet gjekk handelen attende att. Sysselsetjingi innanfor sjøfarten gjekk øg attende etter kvart på 1960-talet. Industrien i Bergen gjekk fram inntil tidleg på 1960-talet. Samstundes med at industrisysselsetjingi gjeng attende i Bergen frametter på 1960-talet, kann me spora ein framgang i umlandet. Mellom 1954 og 1969 gjekk talet på sysselsette i Bergensindustrien ned med meir enn 1000 arbeidstakarar. Umlandet aukar sysselsetjingi frå 1954 til 1969 med umag 3000 arbeidstakarar i industrien. Gjennom heile perioden frå 1945-1970 auka talet på offentleg tilsette. På slutten av 1950-talet hadde industrien eit yvertak på 4000 arbeidsplassar<sup>7</sup>. I 1969 var like mange sysselsette i det offentlege som i industrien.

Det er ikkje lett å tenkja seg til noko ein tydig grunn til at Bergen-kommune vart utvida i 1972. Mange i umlandskommunane hevdar at dei greidde seg godt på eigi hand. Dei tykte det var viktig at dei sjølve kunde prioritera kvar utbyggjinger av bustader og verksemder skulle bera til. Dei frykta fjernstyring og utbyggjingspress innanfor ein stor-kommune. Arbeidarpartiet meinte derimot at store einingar ville gjeva gode høve for arealdisponering og langtidsplanleggjering. Bergen kommune argumentera nok for storkommunen med umag tilsvarande grunngjevingar som Arbeidarpartiet, men det var òg eit viktig argument for Bergen-kommune at kommunen vart tappa for dei rikaste skatteytarane som flytta ut og busette seg i

1946 og 1970 gjekk folketalet i Fana opp med umlag 24 000 innbyggjarar. Laksevåg auka i same perioden folketalet sitt med umlag 11.500 og Asane auka med umlag 12 000 innbyggjarar. I denne perioden frå 1945 til 1970 var folketalet i det opphavlege Bergen-sentrum i ein veik nedgang. Bergen fekk vida ut grensene i 1955, men ikkje ein gong innlemmingi av Fyllingsdalen kunde yta vederlag for den sterke busetnadssamlingi i umeignskommunane. Me ser også at umlandskommunane aukar folketalet, medan Bergen kommune ikkje hev nokon folketalsvokster å bry seg med. Det ser ut til at bustadraudi som prega Bergen like etter krigen løyste seg ved at folk flytta ut av Bergen-sentrum.

På same tid som busetnaden vaks i grannekommunane, betra samferdsla mellom Bergen og umlandet seg mykje. Innfartsårene til Sentrum vart utvikla gjennom bruer og tunnelar. Puddefjordsbrui, Løvstakkstunnelen og Eidsvågstunnelen er gode døme på gjeremål innan vegferdsla i umrådet kring Bergen. Umlag på midten av 1960-talet byrja dei gamle båtane til umrådi i Nordhordaland å verta avløyste av ferjedrift. Dei gamle båtane som frakta folk sjøvegen vart lite tilløkkanle for dei som skaffa seg privatbil, og det vart kortare reisetid med buss for dei som ikkje hadde eigen bil. Ei av dei største myvinningsane i samferdsla etter 1945 var truleg massebilismen. I 1959 hadde Bergen 60 bilar per tusen innbyggjarar. I 1969 var dette talet nærmast tridubla til 175,1. bilar per tusen innbyggjarar\*. Grønlia\* peikar på at fyrr og like etter 1945 låg arbeidstadene tett upptil bustadene til arbeidstakarane. Han viser sameleis til at 60 prosent av arbeidstakarane hadde 20 minuttar gangtid eller mindre til arbeidet. I 1960-åri reiste kvar innbyggjar i Bergensregionen jamt over 5,1 kilometer når han skulle til arbeid.

I 1945 var det varerasjonering og handelen i Bergen hadde ingen merkande auke fyrr ut på 1950-talet. På 1960-talet gjekk handelen attende att. Sysselsetjingi innanfor sjøfarten gjekk også attende etter kvart på 1960-talet. Industrien i Bergen gjekk fram inntil tidleg på 1960-talet. Samstundes med at industrisysselsetjingi gjeng attende i Bergen frametter på 1960-talet, kann me spora ein framgang i umlandet. Mellom 1954 og 1969 gjekk talet på sysselsette i Bergensindustrien ned med meir enn 1000 arbeidstakarar. Umlandet aukar sysselsetjingi frå 1954 til 1969 med umlag 3000 arbeidstakarar i industrien. Gjennom heile perioden frå 1945-1970 auka talet på offentleg tilsett. På slutten av 1950-talet hadde industrien eit yvertak på 4000 arbeidsplassar\*. I 1969 var like mange sysselsette i det offentlege som i industrien.

Det er ikkje lett å tenkja seg til nokon ein tydig grunn til at Bergen-kommune vart utvida i 1972. Mange i umlandskommunane hevdar at dei greidde seg godt på eigi hand. Dei tykte det var viktig at dei sjølv kunde prioritera kvar utbyggjinger av bustader og verksemder skulle bera til. Dei frykta fjernstyring og utbyggjingspress innanfor ein stor-kommune. Arbeidarpartiet meinte derimot at store einingar ville gjeva gode høve for arealdisponering og langtidsplanleggning. Bergen-kommune argumenterte nok for storkommunen med umlag tilsvarannde gruningjevingar som Arbeidarpartiet, men det var også eit viktig argument for Bergen-kommune at kommunen vart tappa for dei rikaste skatteyarane som flytta ut og busette seg i

Umlandskommunane. Bergen Kommune og Arbeidarpartiet vann fram i dei offentlege avgjerdssprosessane, trass i motstand frå dei borgarlege partii.

Ei viktig orsak til samanslåingi var nokså dei sentrumsfunksjonane som Bergen rådde over. Slike sentrumsfunksjonar kamm knytast til t.d. skule og utdanning, frittid og underhaldning og varehandel. Med massebilismen vart dei lokale nettverki innanfor Umlandskommunane lite viktige. Umlandskommunane hadde vore mykje undergjevne Bergen tidlegare. Dei vart det endå meir då det gjekk snøggare å reisa til Bergen-sentrum. Kvar gong ferdsleårene betra seg, vart sentrumsfunksjonane til Bergen meir tiltrekkjande. I ettertid hev ein sett at det hev vakse opp store lokale kjøpesentra som hev freista å taka opp tevlingi med Bergen-sentrum, men slike kjøpesentra fanst ikkje fyrr 1970.

#### OFFENTLEGE AKTØRAR OG NÆRINGSILIV

Næringsvoksteren i Stor-Bergen på 1950- og 1960-talet var prega av at verksemndene rasjonaliserte og umstalte seg. Berge Furre <sup>9</sup> meiner at industrien greidde å umstalla seg tollig bra i landsmålestokk på 1960-talet. Han peikar på fleire grunnar til dette. Det var m.a. god tilgang på arbeidskraft frå primærnæringane. I denne perioden kann me slå fast fråflytting frå Sotra-Øygarden-området.

I desse framgangsåri vart det lagd viktige velferdspolitiske mål. På 1950 og 1960-talet innførte ein statlege trygdeordningar. Viktige utjamningspolitiske mål var knytte til fylkeskommunen og einskildkommunane. Fylkeskommunen og kommunane skulde syta for at sosiale gode som undervising og helsevern, næringsliv og sysselsetjing skulde spreidast jamt millom kommunane. I dei fleste umråde førde dette til ei sentralisering. Tidlegare var Sotra-området prega av mange småsamfunn. Utetter på 1960- og 1970-talet fekk området eit meir samlande preg. Dei som budde på Sotra kom meir i beinveges kontakt både med kvarandre og med bergensarane. Sotrabrua som kom i 1972, korta sterkt ned på reisetidi til Bergen-sentrum. Furre <sup>10</sup> slår fast at utviklingi mot fleire tettstader førde med seg at:

"I 1970 budde to tredelar av folket i byar og tettstader, ein million fleire enn i 1950. Dei kraftige strukturendringane omskapte bygda meir enn byen. Det tradisjonelle bygdesamfunnet vart radikalt omskipa både å sjå til og å leve i. Kulturlandskap, busetjing, næringssliv varinne i dryge skifte."

I dei siste 25-åri kann ein peika lauseleg på at folketalvoksteren i kommunar som Fjell, Sund, Os og Askøy er vel so stor som i Bergen. I perioden frå 1946 fram til 1970 var Stor-Bergen fullstendig dominerande både i sysselsetjings- og næringssamarheng. Det same kann ein ikkje segja i dag. Folketalet i Fjell kommune auka med 265 mellom 1950 og 1960. Framgangen i denne tiårsbolken var knapt stort meir enn eitt årleg fødselsoverskot på mellom 25 og 30 personar per år. Frå 1983 fram til no på 1990-talet har folketalet auka med omkring 5500 personar i Fjell. Frå 1946 til 1970 auka

Umlandskommunane, Bergen Kommune og Arbeidarpartiet vann fram i dei offentlege avgjerdssprosessane, trass i motstand frå dei borgarlege partii, .

Ei viktig orsak til samanslåingi var nok dei sentrumsfunksjonane som Bergen rådde yver. Slike sentrumsfunksjonar kann knytast til t.d. skule og utdanning, frittid og underhaldning og varehandel. Med massebilismen vart dei lokale nettverki innanfor Umlandskommunane lite viktige. Umlandskommunane hadde vore mykje undergjevne Bergen tidlegare. Dei vart det endå meir då det gjekk snøggare å reisa til Bergen-sentrum. Kvar gong ferdsleårene betra seg, vart sentrumsfunksjonane til Bergen meir tiltrekkjande. I ettertid hev ein sett at det hev vakse opp store lokale kjøpesentra som hev freista å taka upp tevlingi med Bergen-sentrum, men slike kjøpesentra først ikkje fyrr 1970.

#### OFFENTLEGE AKTØRAR OG NÆRINGSILIV

Næringsvoksteren i Stor-Bergen på 1950- og 1960-talet var prega av at verksemndene rasjonaliserte og umstalte seg. "Berge Furre" meiner at industrien greidde å umstalla seg tolleg bra i landsmålestokk på 1960-talet. Han peikar på fleire grunnar til dette. Det var m.a. god tilgang på arbeidskraft frå primærnæringane. I denne perioden kann me slå fast fråflytting frå Sotra-Øygarden-området.

I desse framgangsåri vart det lagd viktige velferdspolitiske mål. På 1950 og 1960-talet innførte ein statlege trygdeordningar. Viktige utjamningspolitiske mål var knytte til fylkeskommunen og einskildkommunane. Fylkeskommunen og kommunane skulde syta for at sosiale gode som undervising og helsevern, næringsliv og sysselsetjing skulde spreidast jamt millom kommunane. I dei fleste umråde førde dette til ei sentralisering. Tidlegare var Sotra-området prega av mange småsamfunn. Utetter på 1960- og 1970-talet fekk området eit meir samlande preg. Dei som budde på Sotra kom meir i beinveges kontakt både med kvarandre og med bergensarane. Sotrabrua som kom i 1972, korta sterkt ned på reisetidi til Bergen-sentrum. Furre " slår fast at utviklingi mot fleire tettstader førde med seg at:

" I 1970 budde to tredelar av folket i byar og tettstader, ein million fleire enn i 1950. Dei kraftige strukturendringane omskapte bygda meir enn byen. Det tradisjonelle bygdesamfunnet vart radikalt omskipa både å sjå til og å leve i. Kulturlandskap, busetjing, næringsliv var inne i dryge skifte."

I dei siste 25-åri kann ein peika lauseleg på at folketalsvoksten i kommunar som Fjell, Sund, Os og Askøy er vel so stor som i Bergen. I perioden frå 1946 fram til 1970 var Stor-Bergen fullstendig dominerande både i sysselsetjings- og næringssamarheng. Det same kann ein ikkje segja i dag. Folketalet i Fjell kommune auka med 265 mellom 1950 og 1960. Framgangen i denne tiårsbolken var knapt stort meir enn eitt årleg fødselsoverskot på mellom 25 og 30 personar per år. Frå 1983 fram til no på 1990-talet har folketalet auka med omkring 5500 personar i Fjell. Frå 1946 til 1970 auka

folketalet i Sund kommune med 145 personar. Frå 1970 til no i 1990-åri hev Sund kommune auka innbyggjartalet sitt med umlag 1400 personar. Millom 1973 og 1983 hadde Os og Askøy samla ein folketalsvokster på kring 10 000 innbyggjarar<sup>11</sup>.

Det er naturleg å setja dette umskiftet i samband med den statlege utjamnings- og næringspolitikken som er knytt til kommunar og fylke. Etter kvart som statlege velferdsmål vart rådde byrja staten å nytta kommunane og fylki til å halda uppe den spreidde busetnaden. Men det er for lett å segja at det berre var statlege krefter som stod bak. Næringsdrivande føretak sokjer seg mot dei stadene der det er gagnleg å setja i gang med ei verksemd. I tidbolken mellom 1946 og 1970 var det nok av tomteland innanfor Stor-Bergen, men seinare hev det vorte mindre land å byggja ut på. Dessutan må ein peika på dei teknologiske nyvinningane som hev gjort det lettare å etablera seg lenger og lenger undan Bergen-Sentrum.

I 1964 kom byane med i fylkeskommunen. Men storbyane Oslo og Bergen vart verande eigne fylke. Bergen kom inn i Hordaland fylke i 1972. Mot midten av 1970-åri hadde fylki fenge styringsorgan som var tufta på direkte val. Fylki fekk òg eigen finansiering i form av direkte skattleggjring og fylki fekk eigen administrasjon.<sup>12</sup> I dei siste 25 åri ser det ut til at denne framvoksteren hev vore med å jamma ut tilhøvi millom Stor-Bergen og øy- og bygdecommunane umkring. Fylkeskommunen hev spela ei viktig rolle i vegbyggjinci saman med kommunane og staten. Det fylkeskommunale velferdstilbodet og den gode infrastrukturen som hev kome til hev gjort det meir attraktivt å bu i det som tidlegare var perifere strok. Men serleg viktig må det vel vera at kommunane hev vorte nytta som ein lekk i den statlege næringspolitikken.

#### DEN STATLEGE NÆRINGS POLITIKKEN OG KOMMUNANE

På 1960- og delar av 1970-talet var det statleg politikk at kommunane skulle drive med planleggjring og tilretteleggjring. Kommunane skulle syta for tomter, vegar, energi, vatn og avlaupsanlegg. Men verksemndene arbeidde stort sett med eigne næringstiltak alleine. Dersom det offentlege greip inn i næringstiltaki, var det statleg finansierings- og rådgjevingsorgan som gjorde det.<sup>13</sup> Kommunane arbeidde med å trekka til seg næringssliv ved å leggja til rette for nye grunnleggjinger. Dette vert kalla akkvisjonsstrategi. Frå umlag 1978 vart tiltaksarbeid viktigare. Kommunane byrja å få høve til, og det vart venta at dei skulle byggja ut dei lokale resursane i kommunen. Kommunen vart både organisator og verksemidsetablerar. Tiltaksektoren vaks.<sup>14</sup>

På midten av 1970-talet vart det klårt at det løyvd DU-midlar på ein uheldig måte. Dei mest fråflyttingsråka umrådi fekk ikkje so mykje midlar som dei hadde krav på. Umråde som hadde ein aktiv industri og samstundes hadde gode kontaktar i statlege organ kunde ha stor utteljing av DU-midlane, medan andre kommunar utan tilsvarande apparat hadde langt frå maksimal utteljing.<sup>15</sup> Konklusjonen frå statleg hald var enkelt sagt at kommunane måtte verta meir aktive i næringsutviklingi sjølv. Mot slutten av 1970-talet og noko fram på 1980-talet hadde staten fleire prøveprosjekt i gang. Der fekk kommunane etter måten frie hender til å driva næringssplanleggjring. Mot

folketalalet i Sund kommune med 145 personar. Frå 1970 til no i 1990-åri hev Sund kommune auka innbyggjartalet sitt med umlag 1400 personar. Millom 1973 og 1983 hadde Os og Askøy samla ein folketalsvokster på kring 10 000 innbyggjarar<sup>11</sup>.

Det er naturleg å setja dette umskiftet i samband med den statlege utjannings- og næringspolitikken som er knytt til kommunar og fylke. Etter kvart som statlege velferdsmål vart nådde byrja staten å nytta kommunane og fylki til å halda uppe den spreidde busetnaden. Men det er for lett å segja at det berre var statlege krefter som stod bak. Næringsdrivande føretak sokjer seg mot dei stadene der det er gagnleg å setja i gang med ei verksemnd. I tidbolken mellom 1946 og 1970 var det nok av tomteland innanfor Stor-Bergen, men seinare hev det vorte mindre land å byggja ut på. Dessutan må ein peika på dei teknologiske nyvinningane som hev gjort det lettare å etablera seg lenger og lenger undan Bergen-Sentrum.

I 1964 kom byane med i fylkeskommunen. Men storbyane Oslo og Bergen vart verande eigne fylke. Bergen kom inn i Hordaland fylke i 1972. Mot midten av 1970-åri hadde fylki fenge styringsorgan som var tufta på direkte val. Fylki fekk òg eigen finansiering i form av direkte skattleggjiring og fylki fekk eigen administrasjon.<sup>12</sup> I dei siste 25 åri ser det ut til at denne framvoksteren hev vore med å jamma ut tilhøvi millom Stor-Bergen og øy- og bygdekomunane umkring. Fylkeskommunen hev spela ei viktig rolle i vegbyggjingi saman med kommunane og staten. Det fylkeskommunale velferdstilbodet og den gode infrastrukturen som hev kome til hev gjort det meir attraktivt å bu i det som tidlegare var perifere strok. Men serleg viktig må det vel vera at kommunane hev vorte nytta som ein lekk i den statlege næringspolitikken.

#### DEN STATLEGE NÆRINGSOPOLITIKKEN OG KOMMUNANE

På 1960- og delar av 1970-talet var det statleg politikk at kommunane skulle drive med planleggjiring og tilretteleggjiring. Kommunane skulle syta for tomter, vegar, energi, vatn og avlaupsanlegg. Men verksemderne arbeidde stort sett med eigne næringstiltak åleine. Dersom det offentlege greip inn i næringstiltaki, var det statleg finansierings- og rådgjevingsorgan som gjorde det.<sup>13</sup> Kommunane arbeidde med å trekka til seg næringssliv ved å leggja til rette for nye grunnleggjinger. Dette vert kalla akkvisjonsstrategi. Frå umlag 1978 vart tiltaksarbeid viktigare. Kommunane byrja å få høve til, og det vart venta at dei skulle byggja ut dei lokale resursane i kommunen. Kommunen vart både organisator og verksemdisablerar. Tiltaksseretoren Vaks<sup>14</sup>.

På midten av 1970-talet vart det klårt at det løyvd DU-midlar på ein uheldig måte. Dei mest fråflyttingsråka områdi fekk ikkje so mykje midlar som dei hadde krav på. Område som hadde ein aktiv industri og samstundes hadde gode kontaktar i statlege organ kunde ha stor utteljing av DU-midlane, medan andre kommunar utan tilsvarande apparat hadde langt frå maksimal utteljing<sup>15</sup>. Konklusjonen frå statleg hald var enkelt sagt at kommunane måtte verta meir aktive i næringsutviklingi sjølve. Mot slutten av 1970-talet og noko fram på 1980-talet hadde staten fleire prøveprosjekt i gang. Der fekk kommunane etter måten frie hender til å drive næringplanleggjiring. Mot

slutten av 1980-talet og utetter hev den kommunale næringsutviklingi vorte formalisert frå statleg hald. Kommunane må leggja fram planar for næringspolitikken m.v.

Bergen-sentrum hadde ei positiv industriutvikling fram til 1961<sup>3</sup>. Etter den tid var det umlandskommunane innanfor Stor-Bergen som hadde industrivokster. Ein grunn til at omlandskommunane vaks var nok at Bergen-sentrum fungerte som ein tilflyttungsstad. Dei som kom frå landkommunane i Hordaland og flytta til Bergen, kom først til Bergen-sentrum seinare flytta dei ut i dei nye bustadområdi som vart reiste i umlandskommunane i Stor-Bergen. I Bergens Tidende for 23 februar 1993 legg avisa fram tal som syner at sentrumsbydelane som jamt over høyre inn under Bergen etter 1972 har langt færre sjølveigarar millom innbyggjarane sine. Det som idag vert omtala som bydelen Bergen-sentrum hev berre ein sjølveigarprosent på 50,1 prosent i dag. I mange bydelar hev me ein sjølveigarprosent på kring 70 prosent. Det er vel ikkje urimeleg å rekna med at det var eit liknande tilhøve millom Bergen-Sentrum og resten av Stor-Bergen i perioden fram til 1972. Ein kann kalla Bergen eit gjennomtrekksområde. Tilflyttarane kom til Bergen-Sentrum som leigetakrarar. Når dei fekk betre råd reiste dei ut til bydelane og vart sjølveigarar. Men ein kann òg tenkja seg at det var innfødde bergensarar som flytta ut, medan innflyttarane vart buande i sentrum. Både gjennomtrekksområdetendensane og dei reine utflyttingstendensane hev vore viktige samfunnsdrag i Stor-Bergen.

Ein kann nok segja at Stor-Bergen var ei drivkraft når det galdt å dra til seg innbyggjarar i den første etterkrigstidi fram til 1970. I ettertid hev folketalsutviklingi i Stor-Bergen stabilisert seg. Loddefjord som tidlegare låg under Laksevåg kommune hev rett nok haft ein etter måten stor folketalsvokster. Men Fana og Arna hev stabilisert seg, Åsane hev vaks med umlag 5000 innbyggjarar fram til tidleg på 1990-talet. Her må det takast atterhald for um dei gamle kommunegrensene samsvarar med bydelsgrensene i dag. Når det gjeld Fana legg eg saman tali for Ytrebygda og Fana. Hovudtendensen skal i alle fall vera klar nok<sup>4</sup>.

#### SOTRA OG OLJA

I dag er Sotra ein moderne kommune med stor overvekt av innbyggjarar som er sysselsette innanfor sekundær- og tertiar næringane. Um ein gjeng 30-35 år attende er det eit heilt anna Sotra me kann tenkja oss. Lat oss illustrera dette med nokre tal. I 1960 arbeidde 31,6 prosent av innbyggjarane i Fjell kommune innanfor primærnæringane.<sup>5</sup> I 1980 var det 4,8 prosent. Endringane i sekundærnæringane var små. I 1960 arbeidde 34,6 prosent av innbyggjarane i kommunen i tertiar næringane. I 1980 var talet 61,8 prosent. Tilsvarande tal for Sund kommune syner same tendensen, men endringane er noko mindre der. Tali frå primærnæringane er dominerte av talet på fiskarar. I 1960 utgjorde fiskarane 23,5 prosent av arbeidstokken. I 1980 var talet 3,1 prosent.

Fordelingi av tertiar næringane syner ein auke på 10 prosent innanfor sektoren tenesteytande service mellom 1970 og 1980. Varehandelen aukar med kring 6 prosent både i Fjell og Sund på Sotra. Men samferdsle næringi gjeng attende millom

sluttet av 1980-talet og utetter hev den kommunale næringsutviklingi vorte formalisert frå statleg hald. Kommunane må leggja fram planar for næringspolitikken m.v.

Bergen-sentrum hadde ei positiv industriutvikling fram til 1961<sup>3</sup>. Etter den tid var det umlandskommunane innanfor Stor-Bergen som hadde industrikonkurrans. Ein grunn til at omlandskommunane vaks var nok at Bergen-sentrum fungerte som ein tilflyttingsstad. Dei som kom frå landkommunane i Hordaland og flytta til Bergen, kom først til Bergen-sentrum seinare flytta dei ut i dei nye bustadområdi som vart reiste i omlandskommunane i Stor-Bergen. I Bergens Tidende for 23 februar 1993 legg avisa fram tal som syner at sentrumsbydelane som jamt over høyre inn under Bergen etter 1972 har langt færre sjølveigarar millom innbyggjarane sine. Det som idag vert omtala som bydelen Bergen-sentrum hev berre ein sjølveigarprosent på 50,1 prosent i dag. I mange bydelar hev me ein sjølveigarprosent på kring 70 prosent. Det er vel ikkje urimeleg å rekna med at det var eit liknande tilhøve millom Bergen-Sentrum og resten av Stor-Bergen i perioden fram til 1972. Ein kann kalla Bergen eit gjennomtrekksområde. Tilflyttarane kom til Bergen-Sentrum som leigetakrar. Når dei fekk betre råd reiste dei ut til bydelane og vart sjølveigarar. Men ein kann også tenkja seg at det var innfødde bergensarar som flytta ut, medan innflyttarane vart buande i sentrum. Både gjennomtrekksområdetendensane og dei reine utflyttingstendensane hev vore viktige samfunnssdrag i Stor-Bergen.

Ein kann nok segja at Stor-Bergen var ei drivkraft når det galdt å dra til seg innbyggjarar i den fyrste etterkrigstidi fram til 1970. I ettertid hev folketalsutviklingi i Stor-Bergen stabilisert seg. Loddefjord som tidlegare låg under Laksevåg kommune hev rett nok haft ein etter måten stor folketalsvokster. Men Fana og Arna hev stabilisert seg, Åsane hev vaks med umlag 5000 innbyggjarar fram til tidleg på 1990-talet. Her må det takast atterhald for um dei gamle kommunegrensene samsvarar med bydelsgrensene i dag. Når det gjeld Fana legg eg saman tali for Ytrebygda og Fana. Hovudtendensen skal i alle fall vera klar nok ”.

#### SOTRA OG OLJA

I dag er Sotra ein moderne kommune med stor overvekt av innbyggjarar som er sysselsette innanfor sekundær- og tertiar næringane. Um ein gjeng 30-35 år attende er det eit heilt anna Sotra me kann tenkja oss. Lat oss illustrera dette med nokre tal. I 1960 arbeidde 31,6 prosent av innbyggjarane i Fjell kommune innanfor primærnæringane. I 1980 var det 4,8 prosent. Endringane i sekundærnæringane var små. I 1960 arbeidde 34,6 prosent av innbyggjarane i kommunen i tertiar næringane. I 1980 var talet 61,8 prosent. Tilsvarande tal for Sund kommune syner same tendenser, men endringane er nok mindre der. Tali frå primærnæringane er dominerte av talet på fiskarar. I 1960 utgjorde fiskarane 23,5 prosent av arbeidstakken. I 1980 var talet 3,1 prosent.

Fordelingi av tertiar næringane syner ein auke på 10 prosent innanfor sektoren tenesteytande service mellom 1970 og 1980. Varehandelen aukar med kring 6 prosent både i Fjell og Sund på Sotra. Men samferdslenæringi gjeng attende millom

tertiærnæringane <sup>5</sup>.

Kommunane har operert innanfor ein statleg næringspolitikk. Råmevilkåri for næringslivet innanfor kommunane hev vorte regulert av staten på ymse vis. På slutten av 1960-talet og noko inn på 1970-talet vart det klårt at staten vilde koma til å verta innehavar av ei omfattande oljeverksemd. I første umgang var det utanlandske selskap som dreiv leiteboring utan stort hell, men etterkvart kom det fram at oljeverksemidi vilde verta umfattande og at norske firma kunde koma til å spela ei sentral rolle innanfor geologiske undersøkjinger, prøveboring og produksjon av olja. I tillegg til dette kom alle ringverkniadene av olja. Oljeinstallasjonar skulde setjast opp, reparerast og haldast ved like. Dessutan kom all den teknesteytingi som trengdest innanfor m.a. bygg og anlegg.

I Hordaland vart det tidleg lagd planar for olje- og oljelatert verksemd i Hordaland generelt. Fleire bergenske reidarlag, eit trygdelag og tre fyretak i industrien var med i planleggjøringsarbeid frå 1965 <sup>6</sup>. Bergenske interessentar, BMW og J. Grieg var med på å kjøpa eit basesenter i Stavanger. BMW hadde dessutan tilknyting til Akergruppa som hadde arbeidd seg opp etter måten mykje kunnskap om oljesektoren alt den gongen. Frank Mohn varn tidleg ry som produsent av oljelensor, og AB-NERA kunde tilby teleterenestar, og Westwing kunde tilby helikoptertenestar. Bergens industrigruppe A/S etablerte seg som kontakt- og samordnande organ for tolv verksemder innanfor høgst ulike bransjar. Bergen hadde eit allsidig industrimiljø kring 1970. Byen hadde ei rik tilknyting til skipsfart. I tillegg til dette hadde byen eit breidt forskings- og utdanningsmiljø med relevant kompetanse for oljesektoren <sup>7</sup>. Alt dette gjorde at Bergen-kommune hadde store voner til oljeutvinning i Nordsjøen.

Umkring 70 firma hev etablert seg på Agatnes-terminalen på Sotra frå midt på 1970-talet og fram til i dag. Ordføraren i Fjell kommune Ole G. Fredheim meiner at basen hev vore drivfjør for voksteren i den lokale næringsverksemdi. Basen hev drege nytt næringsliv til kommunen. Basen ligg strategisk til. Avstanden til Bergen og til Oljefeltet er stutt, <sup>8</sup>. Det er vel ikkje unaturleg å tenkja seg at Sotra-området hev haft gode høve til å manøvrera innanfor den offentlege næringspolitikken. Avkastingi på nyinvesteringar hev truleg lokka mange verksemder til Sotra, og kommunane hev haft full utteljing innanfor dei råmevilkår dei hev fenge.

Det kann hevdast at Bergen trass i alt hev vore ei drivkraft i næringsvæksteraen på Sotra. I stor utstrekning må ein rekna med at det er bergenske fyretak som hev etablert seg på Sotra. Den statlege næringspolitikken og kommunane hev ikkje kunna hindra at bergensarane hev greidd å taka til seg mange viktige funksjonar. Bergen hev haft eit aktivt forskingsmiljø med viktige fagkunnskapar om petroleumsindustri og bergenske verksemder hev proffittert på den oljelaterte verksemdi. Dessutan finst det vel etter måten mykje oljelatert verksemd innanfor Bergen. På den andre sida er det grunn til å understreka at kommunane på Sotra hev haft jamt sterkare høve til å drive aktiv næringspolitikk dei siste 20-25-åri. Oljebransjen hev vore sa ny at Bergen ikkje hev haft høve til å verta eit knutepunkt slik som byen tenkte seg i

utgangspunktet. Kompetanseutviklingi innanfor verksemndene i Stor-Bergen hev vel i fleire tilfelle vore styrd meir av oljebransjen sjølv enn av innspel frå næringslivet i Stor-Bergen. Kommunane på Sotra hev greidt å samla eit fagmiljø med høg kompetanse på svært kort tid. Kommunen hev kunna spela ei samordnande rolla mellom dei ulike verksemndene. Verksemndene hev truleg haft større interessa av å samordna seg innanfor Sotra enn av å samordna seg med næringslivet i Stor-Bergen.

Men trass i dette er det ei kjensgjerning at Stor-Bergen og resten av Hordaland er ein del av det oljerelaterte næringslivet på Sotra. Gjennom fylkeskommunen kann heile Hordaland vera med å påverka den statlege oljepolitikken i fylket gjennom tilrådingar av planar og uplegg for oljeverksemdi i fylket. Det oljerelaterte næringslivet er heller ikkje berre knytt til Sotra. NUTEC-senteret på Laksevåg og Frank Mohn-anlegget for oljelensor i Fusa-kommune er berre eit par døme på fylkeskommunale dimensjonar av oljeverksemdi. Mongstad-anlegget i Nordhordland hev dessutan vorte eit nytt tyngdepunkt for oljeverksemdi i dei siste 5-10-åri.

#### AVSLUTNING

Det er ikkje råd å gjeva noko heilt ein tydig svar på om Bergen hev taft status som pressumråde etter 1972. Når det gjeld Sotra ser det likevel ut til at kommunen hev haft høve til å føra ein sjølvstendig og samordnande næringspolitikk. Kommunen hev ein samordningskompetanse som ikkje utan vidare kunde ha vorte overført til Bergen. Sotra-umrådet og andre umlandsommunar til Stor-Bergen ser ikkje ut til å dra til seg mange rike skatteytarar frå Bergen. Dette var eit viktig argument for innlemming av det som var umandsommunar innanfor Stor-Bergen i 1972. Storkommunane vert heller ikkje prioritert i like stor målestokk som tidlegare. Styremakten hev gjeve dei små kommunane betre høve til å driva næringsplanleggjering. Ein kan vel segja at kommunane på Sotra framleis hev eit godt arealgrunnlag samarlikra med Stor-Bergen, og det gjev gode vilkår for å trekkja til seg nye verksemder. Velferdstilbodet og infrastrukturen på Sotra er betre enn i dei fleste umandsommunarne innanfor Stor-Bergen før 1972 (kanskje med unntak for Laksevåg). Men likevel kan ein vel sjå minst ein jamlikskap mellom Arna, Asane, Fana og Laksevåg fram til 1972 og Sotra i dag. I bæt tilfelle vert sentrumsfunksjonane til Bergen viktigare i takt med dei nye kommunikasjonane. Utfrå dei tilhøve som denne uppgåva hev analysert kann mykje tala for at Bergen i etter måten stor grad hev haft vanskelegare for å hevda seg andsynes omlandsommunar som Sotra i dei siste 20-25-åri.

1. Gerhard Meidell Gerhardsen, Tore Rødseth, Einar Hope og Eilif Asba, Bergen i Perspektiv, Bergen 1970. Jens Chr. Hansen s. 42.

2. Grønlie Tore og Fosser Anders Bjarne, Bind 4 av Bergen Bys historie, Byen sprenger grensene, 1985. Grønlie s. 580.

3. ibid, s. 514

4. ibid, s. 623.

5. ibid s. 624
6. ibid, s. 759
7. ibid, s. 950-953
8. ibid, s. 678
9. Furre Berge, Vårt Hundreår, Oslo 1991, s. 298.
10. ibid, s. 301
11. Statistisk Fylkeshefte 1973 s. 48-50  
Statistisk Fylkeshefte 1983 s. 43-44  
Bergens Tiderende 15 oktober 1995
12. Danielsen, Dyrvik, Grønlie, Helle, Hovland, Grunntræk i norsk historie, Oslo, 1991. Grønlie Tore s. 334
13. Bukve Oddbjørn, Lokal Utviklingspolitikk ?, Oslo, 1994, s. 26-27
14. ibid
15. ibid, s. 64
16. Bergen bys historie j.m.f. ovanfor, s. 659.
17. Tal fra ei artikkellrekka som gjekk i Bergens Tiderende i 1993, m.a. Bergens Tiderende 23 og 26 oktober og 2 og 6 november.
18. Jan Helge Lie, Bymannen og Strål, Bergen, 1986, hovedoppgåva, m.a.s. 48,
19. J.m.f. Stortingsmeldingar nr. 76/1971 og nr. 95/1970, sitert frå, Bergen Kommune, Bergen i bildet for Oljen, Bergen, 1972.
20. Bergen Kommune, Bergen i Bildet for Oljen, 1972.
21. Bergens Tiderende, 28 oktober 1995

Avtakarar etter romarriket?  
Likskap og skilnader mellom islamsk og  
christne statsdanningar 600 - 1000?

### Avtakarar etter romerriket

Etter at romerriket etter hvert gjeng  
under på 400 - 500-talet veks det fram tre  
nye store sivilisasjonar innanfor det um-  
rådet som romerriket hadde femna om.

Den austlege kristenheten med Bysant  
som samlingspunkt, den vestlege kristen-  
heten med samlingspunkt i Byen Roma  
og den muslimske sivilisasjonen som  
utvicer i perioden 600 - 1000 kvar flere  
kalifat som den <sup>bred</sup>saman, først og fremst  
kalifatet i Bagdad.

Det er sentralt eit sentralt poeng  
at den antikke sivilisasjonen fonna vidare  
enn til det europeiske landunrådet.  
Avven fra antikken var soleis eit saneige  
innanfor eit vidt urhins. Det er her også  
vorte poengtatt at antikkens sivilisasjon  
vart ført vidare i større eller mindre  
grad vant förd ~~og~~ vidare av alle dei  
sivilisasjonane som ~~egent~~ nemtevan-  
for. Et tredje poeng poeng er at den  
vestlege kristenheten ikke födde vidare  
heile det antikke arvegodset.

Den bysantinske sivilisasjonen

førde den sterke seinromanske staten vidare. Det bysantiske staten tok måa på seg kontrollen med militærmakt, med religionen og med lov og rett. Dei romanske loverk vart samla og systematisert under Justinian (527-65). Dei romanske lovene vart samla med lovvedtekte og utsegner frå leidande juristar. Dei romanske lovene fekk gjennom den nye lovzamlinga mykje å segja både i Bygants og seinare i Vesten. Det bysantinske riket vart bunde saman gjennom eit romansk loverk som var tufta på romansk rett. Det bysantinske loverket var fredslegt og klart skild frå det kyrkjelege som omfatta andre område. Det var dessutan systematisk og bygde på visse grunnspråk t.d. prinsippet um privat eredømme eige-domsrett og um offentleg rett versus privat rett. Dei ålhennel reglane innebar også tilskap for lori at eit prinsipp um at like saher skulde tyrehavast på lik måte. Det trang tilje å tyda tilskap for lori, for lori godtakk stands- og gruppeprivilegia, men det innebar eit ven mot

vilkårlig rettsprechaving. Den einstilde  
skulde kunde kjenne dei juridiske  
fylgjone av handlingane sine på  
førhand.

Den kulturelle eliten; Bysants -  
Som storgrad var mytt til staten ført  
vidare den seinantikkhe kulturen. Den  
Bysantinske eltekulturen var utprega  
klassistisk. Den såg ideali sine i ein  
viss periode i fortid, og alt det den sjølv  
kunde gjeva var å følsta å etterlikna  
dei ideali. På det religiøse og teologisk  
området var Massihardane kyrkje -  
fedrane i det 4. og 5. århundrad, på  
det verdslege området var den klassiske  
oldtidslitteraturen fra det 5. og 4. år -  
hundrad f. Kr., til dels også etterlikninga  
og vidareføringa ~~på~~ av den ~~frå~~  
seinantikkhen. Litteratur frå dei epokane  
gjekk inn i boksamlingane til velståande  
og kultiverte menneske, og prestisje -  
skilnaden mellom denne litteraturen og  
den som vart produsert i samtid. Kand  
ettervisast, av di fleste byzantinske  
fortattara berre kann finnast att i  
eitt eller noko få handskrifter, medo  
medan den klassiske litteraturen finst  
i mange.

A v dei tre sivilisasjonane me har nevnt ovenfor er den bysantinske den mest tradisjonelle og den som i størst grad fører vidare samarsmeltingen av kristen og gresk-romansk som gjekk føre seg i seinantikken

Motsetnad til bysantinane yvertok arabarane den filosofiske og vitshaplege tradisjonen fra Platon og Settleg Aristoteles og etterfylgjarane hans i hellistisk tid. Den mest originale innsatsen sette dei etter seg i medisin, astronomi og matematikk. Innan astronomien utvikla arabarane Ptolemaios<sup>1</sup> (omlag 150 e. kr.) system, der jord var sentrum i universet og Soli og Månen og planetane rörde seg i sirklar kring jordi. På fleire punkt gav dei nogafrante (precise) observasjonar og utregningar.

Kyrkja i den vestlege kristenheimen hadde i tidleg millomalder eit administrativt apparat av romansk type, med faste embetsdistrikt, embetsmenn med noko lunde kløvt avgrensa oppgavar, b no (kyrkja) nyttar skrift i forvaltningsoslo. Det var ingen andre organisasjonar som hadde eit tilsvarende embetsapparat i tidleg millomalder.

Likskapar og skilnader mellom islamske og kristne statsdanningar?

Germaniske innvengjarar hertok det romerske imperiet på 400-talet. Germanarane utgjorde eigne samfund på toppen av det romerske. Etter hvert tok like fullt dei to folkesetnadselementa til å smelta saman. Dei fleste av dei germaniske kongane var godtekne som herskarar av keisaren Konstantinopel og dei treista og gjepte på måta seg etter romerske herskattradisjonar på andre måta. I fleire ytre former treista germanarane å etterlikna tradisjonar fra romarriket. Men me skal ikkje sjå bort frå de reelle impulsar frå romersk administrasjon og dessutan over det seg nye behov for germanarane etter at dei gjekk på å vera innvengjarar til å yvertaka ein etter måten etablert statsdanning.

Det vert likevel gale å tenkja seg styresettet til germanarane som ei noko ufullkomn etterlikning av det romerske styresettet. Det nye styret til germanarane var ~~personlegt~~ i ein helt annan grad enn det gamle eit personlegt styre. Det hjemmer at til uttrykk i at riket vart oppfatta som Kongens eigedom. Kongetittelen vart

avleig. Det medførde at riket vart skifta ut i like store delar når det var fleire sønner.

I det som har vorte kalla "den personlege stat" herska kongen ved at han var ~~person~~ til stades personleg i dei områdi som han rådde over. Kongens lokale representantar (greivane og ari-stokratiet) laut knytast kongen ~~person~~. Dei to viktigaste mātene å gjera det på, var ved gavor og ved å tilta part iffeltog. Kongen vart utan samanheng den i riket som disponerte yte dei største resursane. Skulde han herska laut han bruka desse resursane til å kryta ster-mennene til seg.

Ei skilje ikkje gverdua skilnaden mellom det vestlege styresettet og det byrakratiske styresettet me finn i dei to imperia i samtid. Ær også spette personlege høphav ei stor rolla. Det nøygde byrakratiet gav likevel ~~dei~~ imperia ein fastleik som dei germaniske imperia mangla.

Lidaren for den islamiske sivilisasjon var Kalifen. Frå slutten av 600-talet vart ~~Kalifen~~ kalifatet ka kalifembetet avlegt.

Kalifen var eineveldig. Han var fjern og nophøgd andsynes ubesättane og viste seg sjeldan offentleg. Hans vitiallege makt gjer liv og død vart symbolisert ved ein boddel som stod ved sida av tronen, klar til å avretta livet som helst på ordet frå Kalffen. Den formi for einevelde som kalifen stod for hadde lange tradisjonar i det ~~islamske~~ arabiske imperiet, og ho (formi) oppfylte ein trong for ein kraftig styre, uavhengig av fraksjonar.

Det var både regionale, religiøse og sosiale motsetnader innanfor det islamske/arabiske imperiet. Kalifen løyste det problemet som dei motsetnadene skapte på ein radikal måte. Han trekte seg frå det fyrste kurt frå den daglege regjeringsverksemd og overlet denne til ein fyrsteminsiter/visirer. Visiren stod for den daglege politiske styring, og desmona noko gjekk gale so far det var som var ogra. For det andre vart byråkratiet og herren reidshapar for kalifen. Bygd Folk i byråkratiet og herren var nemlig rekruttert frå grupper utanfor samfundselen.

## Avtutting/ oppsummering.

Denne oppgåva hev gjeve eit umiss av korleis dei romerske sivilisasjonen ~~hev skapt~~ ~~→~~ forma den austlege og den vestlege kristenheimen og det islamske imperiet. Me hev også unhandla ~~o~~ islamske og kristne statsdanningar. ~~Avtutting~~ <sup>Til slutt</sup> ~~17~~ skal me peika på nokre sentrale hendingar.

Etter at Koranen var nedteikna i tidsrommet år 610 - 632 og etter profetens bortgang i år 640 tok Islam ~~→~~ til å verta utbreidd + åmlag år 635 - 850. Etter 850 skrohna (skrampa) kalifens maktstøe gradvis inn, og umiddelbart 1050 er so segja heile imperiet delt mellom intengjarar.

På midten av 700-talet vart det danna ein allianse mellom Karolingarane og paven. Karolingarane avsette Merovingarane. Paven vart no gjort til pave både over den austlege og den vestlege kristenheimen. Ei samling som ~~seisse~~ <sup>bleie</sup> ~~tot seg komme~~ ~~→~~ føзна seinare. Karl den store sampa so og segja heile den ~~krist~~ vestlege kristenheimen og vart i år 800 krona av paven. Han vart keisar slik ~~romasene~~ dei romerske perskarane hadde vore. Fleire historikarar vil sjå Karl Den Stores ~~keisaravdelde~~ som keisartid som eit himmel i europeisk millomalderhistorie.

# Er vegull eller kråkesylv?

TOR JANE DISCANPIX



Sylfest Strutle:  
I-målsrøslas mest  
kjende talsmann?

## Om høgnorsk bokreiding, vestnorske rifleringar i målstriden – og ymist anna frå det eldste Ny-Noreg

Av John Stanghelle

Norsk kan som alle veit gradbøyst: Norsk, norskare, norskast, norrøn. For dei som held seg til eit slikt bøyingsmønster, er det uråd å skriva nyare norsk skriftsøge på anna vis enn som ei forfallssøge. Som forfallssøger flest er også denne knytt til ein gullalderdraum.

Temaet er vestmennene, og dette – skal eg freista å prova – er inga geografisk nemning. Som ein av dei førande vestmennene, bymålskonvertitten Eigil Lehmann (f. 1907), formulerte det då han i 1991 takka ein endå meir førande vestmann, Ludvig Jerdal (f. 1908), for at han hadde leia Vestmannalaget gjennom 40 år: «Det er ikkje berre ein flokk og eit lag du hev styrт i alle desse åri, i denne lange tidbolken. Det er ein nasjon, eit folk. I desse åri hev du vore riksstyre for den norrøne tjodi her heime.»

### Dannelsen utgår fra Vestmannalaget

Ei rikhaldig kjelde til kunnskapen om det kulturfermentet som i dag kan kallast i-målsflokkjen, er jubileumsskriftet *Vestmannalaget 110 år* (1978). Sant nok eit noko uvanleg årstal på eit jubileums-


skrift, og det skuldast ikkje at forfattarane ikkje rakk å verta ferdige til hundradårsjubileet, men at dei ikkje fann nokon forleggjar som ville ta på seg utgjevinga.

Sjølv om dei fleste sikkert har heilt klart for seg dei ulike konstruksjonsviljene som kryssa kvarandre då dei norske nasjonalismene kjempa om hegemoniet på 1800-talet, må vi av omsyn til den vesle minoriteten som ikkje veit det, starta der: I Bergen. I borgarskapets store århundre.

Det var i Bergen Ivar Aasen først fekk støtte til arbeidet sitt, i eit miljø som også hadde ei sterk vilje til institusjonsdanning. Og medan dei første målmennene i Kristiania vart rekruttert frå akademiske miljø, var rekrutteringsgrunnlaget i Bergen vesentleg næringsslivet.

I det nasjonalromantiske målmannsmiljøet som utvikla seg i Bergen, var mellom andre Bjørnstjerne Bjørnson med i den tida (1857–59) han styrde den teaterscena Ole Bull hadde grunnlagt. Han ordla seg slik eit brev til Kristoffer Janson: «Jeg har før jeg begynte som Digter, været Måalstræver, ingen har elsket Aasens Gjerning som jeg.» (Janson i *Skrifter av Henrik Krohn*, 1909.) Bjørnson prøvde til og med å læra





VESTMANNALAGET 110 ÅR BERGEN 1978

landsmålet sjølv, og hevda nokre år seinare at «dannelsen utgår fra Vestmannalaget»; noko vestmennene har mint om ved mange jubileumshøve. Seinare kom Bjørnson som kjent på andre tankar og skipa Riksmaalsforbundet – gamal og sjuk som han var, som ein målmann eg kjänner alltid påpasseleg legg til. Men dét førte på hi sida til at Halvdan Koht kasta seg kvasst inn i målstriden. Då Bjørnson tala for riksmalet i Bergen, vart det trykt opp eit flygeblad med eit kraftig svar *Fraa Vestmannalaget* (18.12.1899) – som dei spreidde i heile 10 000 eksemplar dagen etter han hadde tala.

Men òg mellom målmennene fanst det dei som var kritiske til Aasen. Jahn Prahl ville ikkje bøya seg for Aasens målform, i *Ny Hungrvekja* (1858) er språket halvveis gamalnorsk. Striden om kor tett opp til det norrøne den nye norske bør liggja, er ikkje heilt over enno.

Om ei samling i Vestmannalaget heiter det i møteboka: «Den norrøne stemninga var høg», og Vestmennene har ofte og gjerne sett «mot vest»; dei ville ha eit mål som låg så nært det gamle norrøne som råd. Nokre av vestmennene har til og med eit eige «felag for norrøn målhedg», som vil gå lengre enn den litt bleike Aasen. «Bragr-karane» har aldri lagt vekt på å vera mangmennte, og dei kan sjå attende på strålende tapte saker som Grønlandssaka og kam-

pen for å få liket av Tordenskjold «heim». Det mest forvitnelege skriftstykke dei har stått for – i tillegg til ein serie med små dikt-samlingar – er *Tordenskjold heimatt til Noreg* (1928). Og soga om dagens vestmenn er så definitivt soga om Tordenskjolds soldatar.

Ein av dei mest vestvendte, Egil Lehmann, skriv til dømes i *Reise det som velt er* (1990) utførlig om kvifor Aasen tok feil, og kvifor det ikkje er råd å koma utanom å innföra stungne d-ar i norsk. No skulle ein trū at det var noko seint å ta opp denne polemikken med Aasen, men for ein del vestmenn er det aldri uaktuelt å ta opp kampen om spørsmål dei fleste vil meina er avgjort for lengst.

I Bergen, i borgerskapets store århundre, er ikkje Bjørnstjerne Bjørnson det store namnet i denne soga. Det er Henrik Krohn, og då høgnorskrørsla i 1985 lanserte bladet *Vestmannen*, var det to founding fathers som pryda framsida: Ivar Aasen og Henrik Krohn.

#### Ikkje ved sverd, men ved Sverdrup

Denne forvitnelege soga er først og sist ei skriftsøge, om det Einar Økland med eit presist omgrep i *Nynorsk av hjartans lyst* (1985) har karakterisert som eit synleggjerringsprosjekt.

Henrik Krohn – som ifølgje Torleiv Hannaas, professor i mål-

gransking, i vestmannasoga «ofra seg for den norske målreisingi med heile sitt reine, varme hjafta» og som ifølgje Olav Midttun i *Mål og menn* (1968) hadde tent gode pengar som kjøpmann i 1850-åra – starta som bladmann. I 1865 sendte han ut første nummer av *Ferdamannen. Eit Vikoblad aat Almugen*, og han heldt det gåande til 1868. Men då han verkeleg slo seg ned mellom almugen i Sogn noko seinare i livet, vart han grueleg vonbroten, og han døydde berre 53 år gammal. Det «lagde seg so tungt paa honom at bøndene ikkje skyna sitt eige beste», heiter det i lagssoga:

Fire dagar etter at Henrik Krohn la ned *Ferdamannen*, baud han inn til eit samlag der einkvar som «hever den rette Vyrnaden for Maalsaki» kunne bli medlem.

1868 er på fleire vis eit viktig årstal i soga om det friviljukt organiserte Noreg – også Den norske Turistforening, Lutherstiftelsen og Det Norske Samlaget vart stifta dette året. Og alle desse samskipnadene har, på ulikt vis, bala med same grunnproblem: Kven er den sanne turist/kristne/målmann?

På skipingsmøtet i Vestmannalaget skreiv trettiseks menn seg inn. Vestmennene fekk raskt vind i segla og prega livet i byen. Det var knappast ei «nasjonal sak» dei ikkje var engasjert i, og etter få år hadde laget over 600 medlemmer. Også kvinnene kom etter måten tidleg med – alt i 1873, etter at «dei kvændekjære» hadde danka ut dei «kvenderædde», som frykta at kvinnene kunne leggja ein dempar på stemminga i eit lag «dar Hugnaden skulde botnast paa Talar og Song yver dat fyllte Drikkehornet». Det sosiale samværet har alltid vore viktig i vestmannaflokken.

Vestmennene definerte seg tidleg inn i opplysningstradisjonen, og var opptekne av det dei kalla den nasjonale «Atterfødsla». Ei representativ utsegn kom frå den kjende folkehøgskulemannen Kristoffer Janson i 1874: «Ved dei Ljos, som vitskapen tendrar yver Heimsens Vidder, sokjer Folket no sine Vegar til fredade Skogar, røktade Jorder, eit skynsamlegt Hushald, heile Likamer og heile Tankar, – til eit nytt Liv, og ved desse Ljos veksa dess livande Krafter.»

Og då Henrik Krohn – i det

første nynorske tidsskriftet som kom i 1870 og heitte *Fraa By og Bygd* – skreiv eit manifest om målsaka i 1875, lydde den første grunnsetninga slik: «Kundskab og Oplysning ere nødvendige Betinigelser for Folkenes Bestaaen, Velstand og Lykke». Manifestet hans konkluderte med følgjande krav: «Det norske Landsmaal bør snarest mulig anvendes i Folkeopdragelsen.»

Det kom til å skje – ikkje ved sverd, men ved Sverdrup få år seinare. Då målsaka vart politisert og fleirtalet av vestmennene gjekk til venstre i politikken, skipa dette det gode samhendet i laget. Bergenskjøpmennene trekte seg ut; i 1880 var det berre 36 medlemmer att, det same som ved starten. Og då det i 1896 vart liv i laget att, vart det prega av innflyttarar, som det har vore sidan.

### Kringlede godkjenningsprosedyre

Det var ikkje prenta meir enn 20-30 bøker på landsmål då Vestmannalaget vart skipa. For dette fyrste mållaget i landet var det ei sentral oppgåve å gi «folket meir lesnad paa sitt eige maal». Eg har alt nemd tidsskriftet *Fraa By og Bygd* – det heldt det gåande gjennom ti år og samla mange av dei fremste landsmålkribentane. Alt i skipingsåret for Vestmannalaget skal den første bokutgjevinga ha kome, eit referat frå eit ordskifte om målsaka på eit lærarmøte. Ei *Visebok utgjevi av Vestmannalaget* kom også (1873).

Dei viktigaste slaga skulle koma til å stå om skule- og kyrkja ålet, og på begge desse områda gjorde vestmennene ein pionerinnsats. I 1870 sende Vestmannalaget ut den første omsetjinga av Bibelen på nynorsk, Georg Grieg hadde omsett Markus-evangeliet og presten I.E. Unger skreiv eit føreord som så å seia gav henne kyrkjeleg autorisasjon: «Det lyt gleda alle Bibelviner og kvar og ein som elskar vaart ættegode Landsmaal, at ogso det fær Lov at vera med aa kunngjera hans Namn, som alle Kne skulo bøgjast i og kvar ei Tunga skulde vedkjenna seg.» Då Samlaget noko seinare søkte Stortinget om pengar til å laga ei nynorsk Bibelomsetjing, heitte det i brevet: «ogsaa vort norske Sprøg maa vies og

helliges gjennom Guds ord», om det skal vinde frem til Anerkjendelse og fuld Brugbarhed som folkeligt Meddelelsemiddel».

Vestmannalaget vart også det første nynorske lærebokforlaget. I 1879 skipa laget til ei tevling om den beste ABC-boka på landsmål. Premien var 100 kroner, og det kom inn fem manuskript. Prisen gjekk til Anders Austlid – han danka mellom andre ut Ivar Aasen, men det var ein kronglete veg fram til ferdig lærebok alt den gongen. «Det vart no lang skrivning att og fram millom Austlid og Vestmannalaget,» fortel Torleiv Hannaas i soga om Vestmannalagets fyrste femti år, og då dei endeleg vart samde, streva dei med å finna forleggjar. Men boktrykkjaren og målvenen J. W. Eide fekk høyra om vanskane og prenta boka i eit opplag på 4000 i 1880.

Bergens Tidende vart forresten også grunnlagt av denne bokprentaren i 1868, og har gjennom dei fleste av sine 140 år hatt eit tett samband med Vestmannalaget. Alle sjefredaktørane til og med Kjartan Rødland, som styrde avisar frå 1977 til 1986, har vore medlemmer.

Vestmannalaget held fram med læreboktevlingane. I 1880 bladde dei opp nye 100 kroner, og to år etter kom *Bibelsoga ved Paulson og Mo*. Vestmannalagets Utgaava, utgitt på Giertsens forlag. Men då dei i 1881 auka premien til 200 kroner for ei lærebok i geografi, vart det vanskelegare. Ein av dei to som sende inn manus, trekte det attende fordi Vestmannalaget ikkje ville gå med på å ta ein lærar til med i juryen, og det manuset dei sat att med – av lækjaren Julius Gade – vart retta m.a. av både Ivar Aasen og Georg Grieg, som skreiv lange lister med merknader. Boka vart til slutt fullført av to andre, og i 1889, to år etter at Gade sjølv var død, kunne endeleg forleggjaren Mons Litleré – den sentrale nynorskforleggjaren mot slutten av forre hundradåret – senda ut Vestmannalagets utgåve av *Lærebok i Landkunna*. Også denne



boka vart mykje nytta i skulen, men Vestmannalaget kom ikkje til å gje ut fleire lærebøker enn desse tre. Samlaget tok over det meste. Andreas Austlid gav ut ei *Lesebok for born* på Litlerés forlag i 1888. Denne boka blei trykt like fram til 1960-åra, opplyser Ottar Grepstad i *Det litterære skattkammer* (1997).

Men i 1880-åra var Vestmannalaget dovna bort. Frå 1882 til 1896 vart det ikkje ein gong halde årsmøte. Og det var som kjent i desse åra målsaka fekk sitt politiske gjennombrot. Då regjeringa Sverdrup vart utnemd i 1884, jubla *Fedraheimen*: «Det utrulege hev hendt, me kanø inkje Gud fulltakka: (...) Lyfte upp Hovudet Maalmenn og vere hugheile, no tarv ingen blygjast lenger. No skal Maalsaki verta eit av dei fyrste Arbeid i Landet. Tidi er komi, no norske Menn og Kvende, lat oss

arbeida, fast og utrøyteleg, so hev me Sigeren i Hende.» (28.06. 1884) Og då Stortinget – på ei tid der det ikkje var kome meir enn knapt hundre bøker på nynorsk – året etter vedtok å jamstella dei to målformene, var ein viktig siger vunne.

Med vedtaket som opna for norsk hovudmål i skulen i 1892, var det ikkje få målfolk som trudde venstrehistorikaren Ernst Sars skulle få rett: «Maalbevægelsen vil stadig akcelerer, den er som Snebolden der under sit Løb stadig vinder i hurtighed og i Evne til aa beseire de mødende hindringer.»

Så mykje om den tidlegaste soga. Men det kan òg vera naudsynt å nemna det parallelle, institusjonelle nynorske krinslaupet som vart bygd opp; med kaffistover og bondeheimar, bankar og livstrygdelag, forlag og teater. Så kom striden om rettskrivinga.

### Forfallet tek til

Ifølgje vestmennene tok forfallet til då det ved rettskrivingsbrigdet i 1917 vart tilte mange valfrie former.

I 1920 skreiv målaren Olav Rusti i *Norsk Aarbok*: «Ålmenningen heve ikkje den lærdomen elder det skynet, at han kan reisa målet sitt. (...) Det er sogor umbergtekne, at dei høyrer klangen av kyrkjeklokka. Dá finna dei vegen heimatter til bygder. Det norske målet er ei sovor i kyrkjeklokka. Men det er saint: Er ikkje klangen den rette, og er han ikkje rein og klár, då er det fåfengt á ringja. Folket finn ikkje vegen heim. Detta er forbanningi med alt målfuset.»

Vestmannalaget gjorde sitt til å sikra den reine klangen. Til 50-årsdagen i 1918 tok dei på seg å få ut Ivar Aasens lenge utselde *Norsk Ordbok* i ny utgåve. Eit antia stort prosjekt var å få heile Bibelen på nynorsk – eller som det heiter i vestmannaretorikken: «på norsk». Studentmållaget i Oslo hadde sytt for omsetjinga, men hadde ikkje nok pengar til prenting, og ba om hjelp. Dei fekk hjelp vestfrå, og hausten 1921 vart Bibelen i Alexander Seippels omsetjing prenta i 50 000 eksemplar. Salet gjekk så godt at det ikkje vart noko tap. I 1978 heitte det i lagssoga, som heile tida har den sørgelege sam-

tida som resonansbotn: «Bibelen på norsk mål var eit storhende, og målet i Seippel-bibelen vár eit høgnorsk som twillaust hev vore sterkt medverkande til å halda uppe det norske målet, trass i all påkjenni som seinare rettskrivingsbringde hev valda. Det hev òg vore nemnt av mange at dei som skapte det økonomiske grunnlaget for denne første bibelutgåva burde ha vore tekne med på råd då det seinare vart gjort sterke språklege revisjonar i Bibelen, mest i den utgåva som låg fyre no i 1978. Men Det norske Bibelselskap hev hørt lite på røyster i den leid.»

Arthur Berg i Dagen, som var med på å laga den alternative bibelomsetjinga *Norsk Bibel* (1988), manar i *Vestmannen* (6/89) til kamp mot at «norskdomsflagget» vert stroke også i nynorskbibelen, og han kan vanskeleg løyna kor vonbroten han er over at hans teologiske meiningsfeller er vorte hans språklege motmenn: dei vil ha a-mål og ikkje i-mål. Og – legg han endå meir vonbroten til: «Det finst ikkje så få i-målsfolk som er viljuge til å hjelpe til med å fira i-måsflagget, også i Bibelmålet.»

Kva gjer vestmennene med ei slik utfordring frå ein av sine eigne? Dei kjem med støttefråsegner. Men dei gir også ut eit illustrert utdrag av Seippels omsetjing av Det gamle testamente! Seippel-bibelen vart revidert av i-målsikonet Gustav Indrebø i 1938, men mellom dagens vestmenn er det nok dei som tykte at han gjekk vel langt vekk frå det norrøne.

Til gjengjeld sa Egil Lehmann opp Dagen ei stund etter Arthur Berg hadde overlete avis til andre. Bakgrunnen var eit tøyseopprit i samband med årsmøtet i Vestmannalaget i 1993, og Lehmann grunngav oppsejtinga slik: «Dette er den råaste svivyrding av den nasjonale fedraarven eg hev set, heilt på line med kabaretane i Oslo på 20-talet – ein ande av satanisk let.»

### Den største rettskrivingsstriden

Den beiskaste striden i målrørla – både innetter og utetter – kom i samband med dei nye rettskrivingsreglane i 1938. Då framlegget frå rettskrivingsnemda, som hadde eit «samnorsk mandat», låg føre i

1936, vedtok Vestmannalaget samrøystes denne fråsegnat: «Vestmannalaget vil på det sterke mæla imot framlegget til målbrigde i nynorsken. Me mæler imot at nynorsken skal verta uppriven og umskapa etter dansk-norsk ljudverk og bøgjingsverk. Sovore vert måltvang og ikkje målreising.» Utseguna er representativ for haldninga i heile den organiserte målrørla, der «tradisjonalistane» sat ved makta.

For heller ikkje Noregs Mållag – der Gustav Indrebø var eit sentralt styremedlem frå 1928 til han døydde i 1942 – godkjende rettskrivinga av 1938. Det store fleirtalet av organiserte målfolk var imot, og Indrebø laga listen over det som var «lovleg mål». Listen vart kalla «Indrebø minnum».

Midt i heitaste rettskrivingsstriden tok professor Gustav Indrebø, som også var formann i Vestmannalaget, initiativet til ein Aasen-ring. Han vart skipa i 1938. Medlemmene, det vart raskt fleire hundre av dei, måtte avgjøra dette målpolitiske speidarløftet: «Eg lovar: I alle høve då eg stend fritt vil eg bruka same målform som fyrr, utan umsyn til målbrigden 1938. I dei høve då eg er bunden til å nyttja den offisielle skrivemåten, vil eg nyttja det mest sermerkt som er tillate innanfor den offisielle råma.» Dette speidarløftet ligg til grunn for vestmannasynet den dag i dag.

Striden innetter i målrørla er vorten fortald mange gonger. I dag er det Jostein Krokvik som er den ivrigste attforteljaren av forfalls-soga, både i spaltene i *Vestmannen* og i bøker, siste gong i boka med den talande tittelen *Norskroskriftmåls store fall* (1995). Dei vår mange harde oppgjerder på landsmøta i Noregs Mållag, med styrefleirtalet var lenge imot dei nye rettskrivinga. I-målsflokket tapte ikkje fleirtalet før på årsmøtet i Førde i 1957.

### Norsk Bokreidingslag

I 1938 sette vestmennene i gang innsamling til eit «driftsfond for bokutgjeving», og då Norsk Bokreidingslag vart skipa i 1939 for «hævda og halda uppe bokutgjevingstradisjonen frå Ivar Aasen», vart pengane overført til dei nye forlaget.

Det er litt vanskeleg å finna ut kva bok som var den fyrste Bokreiingslaget gav ut. Men truleg var ho signert Severin Eskeland, anten det no var hans reglar og rettleiing i norsk målbruk eller hans omsetjing av franske noveller. I 1950- og 60-åra låg aktiviteten nede, men i 1972 kom utgjevingane igang att. 1. januar 1998 hadde Norsk Bokreidingslag 95 ulike titlar på lager. Den eldste boka som framleis finst på lagret, er dryge tjue år eldre enn forlaget, ho er overtatt frå Varde forlag. Bokreiingslaget har ikkje lata seg smitta av den raskare omsetjingstakta i bransjen. Det er også eit av dei få norske forlaga som har klaga over at det får tilbod om for få manuskript.

Titlane er fordelt på desse bokgruppene, titteltal i parentes: Kultursoga (37), målreising og måldyrking (19), lyrikk (17), manar og forteljingar (13), religion og filosofi (7) og ordbøker (2). Det mest ruvande namnet i bokgruppa kultursoga er Haldor O. Opdal. I gruppa for målreising og måldyrking gjer Ivar Aasen mest av seg, både i titteltal og på alle andre måtar, medan Gustav Indrebø, Sigurd Sandvik og Jostein Krokvik deler andrelassen. Og heilt sidan starten i 1985 har *Vestmannen* kvart år meldt om framgang for forlaget. *Vestmannen* har også ein ideologisk styrd litteraturkritikk, som ikkje tek smålege om syn når det gjeld habilitet.

Ifølgje oversynet til Ottar Grepstad i *Nynorsk faktabok* 1998 er det dei to siste tiåra kome mellom 400 og 600 bøker på nynorsk. Tre av fire nynorskbøker

jem ut på andre forlag enn Det norske Samlaget og dei tre største bokmålsforlaga. I prosent av alle bokutgjevingane har nynorsktitlane utgjort seks til ni prosent dei siste tiåra. Nynorsk er det tredje viktigaste språket i sakprosabøker frå norske forleggjarar: I tidsrommet 1970 – 1994 gav norske forlag ut dobbelt så mange bøker på engelsk som på nynorsk.

Ei oversikt over bokutgjevingar på «klassisk» eller om du vil «arkaisk» nynorsk finst ikkje. Men etter at forlag som Norges Boklag, Fonna, Marius Eyberg, Rune, Norsk Bokrings Forlag og Norsk Barneblads forlag har slutta med bokutgjevingar, er dei truleg monaleg redusert.



VESTMANNALAGET 110 ÅRS FEIRING 1978

#### Valdtekst og dråp

Våren 1962 vedtok Vestmanna-laget med 14 mot 10 røyster å mælda seg ut av Noregs Mållag. I ordskiftet sa Eigil Lehmann at «den norske målreisingi er 100 prosent dødsdømd med den rettskrivingi me hev fenge. Det er ei oppriving på alle kantar som næraast kan samanliknast med valdtekst eller dråp. Målet bløder seg ihel, det er ingen ting anna enn dauden å vinna med å halda fram på den lina som Noregs Mållag no følgjer. Rørsla tinar burt som snjoen tinar um våren.» Seinare utdjupa Lehmann synet sitt i eit brevbytte med den dåverande formannen i Mållaget, Hans Olav Tungesvik: «Her gjeng fyre seg ei

snikmyrding av norsk tone som er verre enn alt hitt."


Etter utmelinga vart det drøfta korleis ein kunne få istrand eit betre samband mellom folk som stod på ei kompromisslaus «høgnorsk-lina», og i oktober 1965 vart Ivar Aasen-Sambandet skipa. Dei første åra vart Aasen-sambandet styrt frå hovudstaden, og for å gjera ei kranglete soge kort: I 1971 kom styringsfunksjonane attende til Bjørgvin, og Vestlandske Mållag meldte seg inn etter at dei hadde meldt seg ut under den siste store konfrontasjonen mellom i- og a-målsflokken i Noregs Mållag året før. Til gjengjeld meldte dei fleste medlemmene av Vestlandske Mållag seg ut. Hordaland Mållag er med sine 2000 medlemmer det største lokalaget i Noregs Mållag i dag.

### Vestmannen

Ei sentral kjensle mellom vestmennene – tilliks med det lågkyrkjelege kristenfolket på Vestlandet – er at «dei andre» har svike den rette trua slik ho er nedfelt i skrift, og at «dei» ikkje vil «oss» som stemner etter den rette leida, anna enn vondt. Som det heiter i Egil Lehmanns Vestmannasong: «Motmenn han møtte på vegen han valde,/ sidan då målblandarropet fekk makt;/ endå so hardsett dei truga og talde,/ vestmannaringen om målet held våkt.»

I 1985 vart sambandet mellom vestmennene styrkt med eit eige blad – *Vestmannen*. Det var Jostein Krokvik, tidlegare bladstyrar i *Norsk Barneblad* og på dette tidspunkt ein litt bleik Aasen-mann, som tok initiativet. Det første nummeret er dagsett 30. mars 1985, og biletet av Ivar Aasen, grunnleggjaren av nynorsken, og Henrik Krohn, grunnleggjaren av Vestmannalaget, pryder framsida.

Det vestmennene er sårast og sintast for, og som det er skrive tallause leiarartiklar om i *Vestmannen*, er at dei ikkje er funne verdige til å ha ein representant i Norsk Språkråd, dette rådet som ifølgje vestmennene berre har ført ulukke over land og (mål)folk. I *Vestmannen* finn ein elles stendig artiklar som held eit anegalleri levande for den høgnorske nasjonen. Det er også små og store meldingar om nærskyldne tiltak, det er harde ord om motmenn og



gode ord om vener – og eit interessant trekk er det at tilhøvet til Noregs Mållag stendig synest å bli betre. Elles er bladstyraren vonbroten over at bladet ikkje vekkjer korkje strid eller ordskifte. Det er ikkje så mange som bryr seg om kva høgnorskningane steller med.

Det viktigaste er heilt udiskutabelt: Å halda målet reint, å få vekk samnorskslagget. Då *Gula Tidend* låg på det siste – avisat døydde i 1996 – vart det halde ei omfram generalforsamling for å drøfta den vanskelege økonomiske stoda. Men vestmennene stilte på generalforsamlinga og ville drøfta endingane i linne og sterke hokjønnsord. Vart i-målet gjennomført, meinte dei, ville nok økonomien ordna seg.

Vestmennene har fått med seg delar av Norsk Målungdom, som skipar til i-målskurs og reiser radikale krav om at «om» må heita «um» og at Trondheim må byta namn til Nidaros. *Vestmannen* melder optimistisk at det venteleg berre er eit spørsmål om tid før Aasen/Indrebø-synet slår gjennom med full tyngd i målflokkene. For «kompassnåli peikar beint ifrå det statstotalitære målteknekariatet».

### Ei rad fond

Skulle ein forma Aaseñ-folkets fondslov, kunne den lyda slik: Di færre i-målsbrukarar, dess fleire fond og større pengemidlar. For i-målsfolket rår over ei rad fond, og dei er ikkje fleire enn at alle dei aktive får nytte av midlane.

Eitt er skipa til minne av grunnleggjaren av Vestmannala-

get, Henrik Krohn «og Hustru». Legatet vart oppretta i 1906 «til Fremme av Maalsagen eller det norske Maals Gjenreising» med ein hovudstol på 5000 kroner. Vestmannalaget styrer med fondet.

Det største i-målsfondet – som vart oppretta i 1971 – ber namnet etter skulemannen og folkeminnesamlaren Halldor O. Opeda (1895 – 1986). I 1971 gav han 600 000 kroner til eit fond som skulle fremja måldyrking og målreising. I styret for Opedalsfonden sit representantar for Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag. I-målsflokken har med andre ord fleirtalet. Men dette fondsstyret er det ikkje hø til å sitja lengre enn i tolv år, det er sett ei øvre aldersgrense på 75 år, og dette utelukkar mange av dei mest aktive vestmennene.

Ei av dei mange bokutgjevingane som har fått støtte frå Hald O. Opedals fond er Aasen-biografien til Kjell Venås. I samband med utgjevinga av *For Noreg Ivar Aasen. Gustav Indrebø i beid og strid* (1984) kom ei av mindre tiltalande sidene ved vestmennene til syne – den reinhe sensurviljen. Sigurd Sandvik folkehøgskulestyrar hev vore mest kjent for sine forvitneleger om Suldalsmålet – var mann i styret, og han skreiv i *Vestmannen*, etter at biografien kom: «Hadde me vist korleis buktet ryndi hev vorte eit åtak på målsynet Indrebø stod for, ikkje boki fått eit øre i tilskot. Noko anna som vestmennene tente seg grenselauast over, ve

Kjell Venås ikkje hadde nytta det bilete av Gustav Indrebø som dei meinte var fagrast og som dei sjølv alltid nyttar.

Andre fond som høgnorskingane kan ha glede av, er Gjelsvikfondet, Indrebøfondet og Dr. Kari Johanne Øpstads nynorskfond. Og det er Festøyfondet, frå Lars Festøy og på rundt 100 000 kroner.

Eit nytt fond kom til i 1997. Ein anonym gjevar, busett utanlands, stilte 100 000 kroner til råvelde førebels og gav lovnad om monaleg meir midlar. Det er bladstyraren i *Vestmannen* som steller med dette «Vestmanna-fondet for norsk måldyrking, målreising og målvern.»

#### Den vyrdelege venleiken

Det er eit visst førmoderne innslag hjå vestmennene: Orginalitet, nyvinning, utvikling på det språklege feltet er ikkje utan vidare ei dygd. I som ikkje er velrøynd og sanksjonert av Ivar Aasen – og pålitelege læresveinar som Gustav Indrebø – er alltid mistenkjeleg. Autoriteten veg alltid tyngst, og lakmustesten i eit kvart spørsmål er: Kva ville Ivar Aasen ha sagt til dette? Dette låg til dømes under då Vestmannalaget i 1926 gjorde framlegg om å skipa eit Norsk Akademi: «Grunnlaget skal vera: *Ivar Aasen: Norsk Gramatik*, og rådet må ikkje gjera avvik frå det. Ivar Aasen held for turvande, utan at rådet provar at Aasen hadde urett og at det som rådet vil setja i staden er betre.» Og dét er inga lett oppgåve.

At Alf Hellevik – han med ordlistene – er så freidig å minne om, i skelsamlinga *Språkrøkt og språkstyring* (1979), at den store Ivar Aasen talte om prøver av landsmålet i Noreg, er ikkje meir enn ein må rekna med frå den kanten. Før vestmennene er det sikrast å haldå seg til deira versjon av Indrebøbibelen – *Norsk Målsoga* (1951). Målsoga, som forresten kjem i ny og utvida utgåve i 1999, sluttar slik: «Ivar Aasens mål byggjer på suveren sakkunnskap. Det er logisk og gjenomtenkt. Kvar detalj er gjennomprøvd i alle konsekvensar. Det er ein vedunderleg fast samanheng – noko gotisk ved bygnaden. Og dertil: For di Aasen var ikkje berre vitakapsmann men òg kunstnar, hadde han kjensla for klang og



venleik. Han kunde vera nokostyrd, men aldri taktaus. Den vyrdelege venleiken hev heile tidi vore eit av dei mest verdfulle aktiva for Ivar Aasens målform.»

Kva treng ein meir når ein skal stå «fremst på 'norskdoms hil-

darvoll/ og reisa merke imot tuss og troll»? Når alle sanningar er sagt, på ein måte som ingen kan gjeva det betre, er opptrykket den mest naturlege publiseringforma. □